

Årsmelding Nyborg skyttarlag 2017

Laget har 222 medlemmar dette året og 99 er under 25 år. Desse fordeler seg på aktive klasseførde, skyteskule, jegerar og DFS skoleskyting.

Styret for 2017

Jørgen Virkesdal	Leiar
Arne Jakob Areklett	Nestleiar
Severin Rokne	Kassastyrar
Ole M Flaten	Styremedlem
Rune Virkesdal	Syremedlem
Thor Ø Westervik	Leiar i ungdomsutvalet

Styret har hatt 6 møte og handsama 47 saker. Økonomien er i balanse. Laget nyttar Matrix rekneskapsprogram, har nettbank og online administrasjonssystem i DFS. Laget har Izettle kortbetalingsautomat. Me har og fått VIPPS. Ein oppdaterer medlemsregisteret kvart år, slettar gamle som ikkje har betalt og legg til nye. Våpenreglar er strenge og vil bli strengare, så personar som har våpen og ikkje nyttar det bør oppfylle «skyteplikta 30 skot», eller vurdere å kvitte seg med våpenet. Medlemskap i skyttarlag kan vere viktig i høve til å ha trong for våpen. Laget har store driftsutgifter og vedlikehaldskostnader på aktivitet og drift av eigne anlegg. Grasrotandelen frå Norsk Tipping har vore positiv, men ein har hatt ein nedgang i 2017 og fleire medlemmar bør gje sin støtte her. Me har søkt om mva. kompensasjon i år og. Ein takk til alle som har støtta laget med premiar, dugnad og gåver i 2017.

Avtalar med andre:

Laget har inngått avtale med Politiet der dei får trene med sine våpen.

Nyborg skyttarlag har to pistolar oppbevart i våpenskap og Torfinn Engesæter har vore skyttarlaget sin pistolansvarleg. Gulen Sporstskyttarlag som vart skipa i 2013 har vore lite aktive i 2017.

Gulen Jeger og Sportsfiskarlag har avtale med skyttarlaget, men deira aktivitet har vore begrensa til Jegerprøvekurs dei siste 20 åra. I 2016 og 2017 har det vorte ny giv i Gulen Jeger- og Sportsfiskarlag og det er halde årsmøte. Samarbeidet med sportskyttarlaget er godt.

Nyborg skyttarlag har desse undernemndene/funksjonane:

Arrangementnemnd som har oppgåve å vere arrangere tilstellingar samt hjelpe til å skaffe pengar til veie. Det er gjort ein grei jobb under arrangementa som skyttarlaget har avvikla. Servering under skytestemne, kurs, Nyborg min., Nyborg bane, Vestlandstemne bane/felt bane og skipa til morsdagskanelotteri. Nemnda har og vaska innadørsbane og skyttarhus. Leiar 2017: Irene Dyregrov.

Ungdomsutval, med oppgåve å leie ungdomsarbeidet i laget. Leiar 2017: Thor Øystein Westervik. Ungdomsutvalet har avvikla treningar inne på elektronikk kvar veke frå medio september til og med mars. Ute har ein hatt trening onsdagar på elektronikk frå medio april til september. Det vart skipa til geværskyting i samarbeid med Dalsøyra skule i Juleveka for 5.-10. klasse. Her deltok det 40 skyttarar. Laget har skipa til skyteskule og Pangstart kurs i samarbeid med dei andre laga i Gulen.

Nyborg skyttarlag har søkt FRIFOND og midlane er nytta til å finansiere rekrutteringsarbeid og tilskot til ammunisjon. Pangstart med skytestemne vart og arrangert i 2016-2017. Nyborg hadde med 30 skyttarar her.

Jaktnemnd med ansvar for trening og oppskyting til jegerprøven. Leiar 2017: Morten Nordgulen. Jaktnemnda i samarbeid med styret har organisert trening og oppskyting for jegerane på solid måte. Det er skipa til 6 eigne treningar. I år har det og vore jakt-trening torsdagar frå 20.4 til 8. september. Det har og vore tilbod til leirdueskyttarar. Laget har kjøpt inn duer og leirdueskot. Totalt er 141 treningar avlagt og 79 skyttarar har teke jaktprøven i år. Ti skyttarar betalte medlemskort under jaktprøven, dei andre hadde betalt utsendt giro.

Instruktørar: Lars Magnus Neverdal og Pål Overdevest.

Pressekontakt/IT ansvarleg: Jørgen Virkesdal Laget har e-post adresse gjennom DFS. Laget har heimeside og adressa er: <http://nyborg.skytterlag.no/>

Laget nyttar Mitt DFS under www.dfs.no

Nyborg skyttarlag oppretta facebookgruppe i 2013 og ein har pr. Dato 188 medlemar.

Ammunisjonsforvaltar: Leiar har fungert som ammunisjonsforvaltar. Jaktnemnda i samarbeid med skyttarlagsleiar har ansvar for jaktammunisjonen. Ute har ein eit system i form av bøker for føring av jaktammunisjon, leirdueskot og vanleg ammunisjon. I årsmøteåret 2017 er det er skote 50 000 skot. Laget har ladeutstyr, men få har lada i år. Gratis skot/subsidiar frå Nyborg til medlemane ligg på kr. 20.000. Rekrutteringsskyttarar har fått gratis kal 22 skot til trening inne og ute. Inntekter her har vore påmeldingsavgift og medlemspengar.

Leasing av Sauergevær

Nyborg skyttarlag har kjøpt inn 4 sauervåpen frå Våpenloftet med kal. 6,5 og kal. 22 , og laga til ein 3 åring leasingavtale til unge skyttarar.

Bygging av anlegg:

1. Nyborg skyttarlag har lenge lege inne med ei 10-50m bane for grovpistol og miniatyr. Bana har ein godkjend spelemiddel søknad på kr. 591.000. Søknaden vart godkjent i 2014 og i 2015, men ein låg i pengekoa. I 2016 fekk me tilsagn om kr. 197.000 i spelemidlar. Me har i vinter utført mykje maskinarbeid og massetransport ved Nerdal Maskin og anlegget vart då i tråd med forskrifter. Dette anlegget vart ferdiggodkjend med rekneskap 30.8.2017. Kostnad med anlegget vart kr. 599.373 og det var kr. 8373 meir enn kostnadsrekna. Det vert søkt om restutbetaling og mva kompensasjon.
2. Stang og felthurtiganlegg. I samband med feltåret 2017 og Vestlandsstemna 2017 investerte Nyborg i elektronisk felthurtiganlegg m/lystavle og stanganlegg 4 skiver. Monitorar til stang vart ikkje kjøpt, men me satsar på å sambruke med den nye 10-50m bana. Anlegget har fått politigodkjenning og er vridd innover mot 200m skyteretning. Kalkyle var kr. 350.000 og rekneskapen synte kr. 310.000. Skyttarlaget var det einaste laget i fylket som søkte DFS og me vart innvilga støtte med kr. 50.000. I tillegg har Gulen Kommune gjennom Viltfondet støtta felthurtiganlegget med kr. 100.000. Resten kr. 160.000 er kosta av skyttarlaget.
3. I samband med feltåret 2017, søkte skyttarlaget om bidrag 10% i støtte til finfeltskiver og me har no kjøpt inn fem finfeltfrontar til totalt kr. 6500,- (støtte kr. 650).
4. Oppgradering av anlegg i samband med Vestlandstemna. Skyttarlaget har utbetra frambyggstandplassar, bytt kleding på lagerhus, inngangsparti, reparert brønn, fiksa internetlinje, grusa anlegg, lagt inn straum i lagerbygning, bygd felthurtigstandplass, malt hus og lager.
5. Laget har oppgradert 100m frå 8 til 10 skiver. Me har bytta ut noko gammalt materiell og 2 av skivene kan og nyttast til stangskyting. Monitorar låner me frå innadørsbana.

6. Styret har vedteke at me må utbetre skiveoppheng og lette vedlikehald av skivene. Dette arbeidet er under planlegging.
7. Styret har vedteke å få til eit overbygg på leirduebane, og vri leirduebana meir mot 200 m skyteretning. I dag er bana litt i konflikt med ny parkeringsplass, og ein ynskjer at bana vert i same skyteretning som det nye felthurtiganlegget. Standplass kan då også fungere for feltskyting/felthurtig.

Vestlandstemna bane, stang og felthurtig 324 deltakarar Avvikla 6.-9. juli 2017

Antall deltakere: 324

(Klasse 5=36 , Klasse 4=49 , Klasse 3=26 , Klasse 2=19 , Klasse 1=8 , V55=29 , V65=23 , V73=38 , Eldre Junior 18 år=2 , Junior 16-17 år=31 , Eldre rekrutt 14-15 år=33 , Rekrutt 11-13 år=26 , HK416=1 , Nybegynner voksen=4)

Stang: 72 deltakarar- Felthurtig: 84 deltakarar

Samlag 100m R-J: 10 lag- Samlag veteran: 8 lag- Samlag 3-5: 10 lag

Sum premieinnskudd: 20938 kr. Antall skytterlag: 59

Det deltok 324 i tillegg til publikum og andre tilreisane. Nyborg skyttarlag skipa til Vestlandstemna i bane, stang og felthurtigskyting. Oppedal/Brekke hadde ansvaret for feltskytinga. Alle finalar bane og felt samlagsskytingar vart skipa til på Nyborg sundag. Stemna vart godt gjennomført og mange stod på for laget i forkant, under stemna og med etterarbeid.

Nytt elektronisk felthurtiganlegg og stanganlegg kom på plass og me gjennomførte desse disiplinane på ein god måte. Desse anlegga kosta oss kr. 310.000. Anlegga vart finansiert av Nyborg skyttarlag, støtte frå Gulen kommune og me har søkt/innvilga kr. 50.000 frå DFS om støtte i samband med feltåret. Skyttarlaget fekk sær gode tilbakemeldinga frå skyttarar på dette opplegget.

Innleiande skyting på bane vart godt avvikla utan ein einaste protest og her var det gjort ein god jobb med elektronikk og med tette skiver. Nyborg hadde kjøpt inn to ekstra skiver på 100m. Desse fungerte på torsdag. Laurdag morgon svikta dei, og etter ei hektisk feilsøking, måtte me køyre med 8 skiver. Det vart litt forsenking i starten, men me køyrde forsenkinga inn sjølv med eit ekstra lag.

Arrangementnemnda hadde laga til eit flott matopplegg. Det vart sett opp to ekstra mat-telt og eit omkleidingstelt som me fekk låne av Brandangersund samf.hus og bonde Jon Ivar Steine. Mat vart sponsa av Osland Havbruk, gode innkjøpt frå Gilde og Matkroken på Dalsøyra. Vår hovudsponsor under banestemne var NORVA 24 Vest.

Nyborg skyttarlag laga til ein stor skyttarcaming ved Dalsøyra skule/Innadørsbana 5km frå bana, og her fekk laget gode tilbakemeldingar. Under stemna gjorde parkerigsvakter ein god jobb. Det var livevising i skyttarhus og ute på internett skot for skot.

Feltfinalar var det Oppedal/Brekke som stod for, og dei vart avvikla på ein god måte, men med ca. 2 timar forsenking. Nyborg avvikla finalar bane og samlagskyting med speakerteneste på ein sær god på rask og effektiv måte, slik at me tok innatt forsenkinga på feltfinalane. Premieutdelinga vart avvikla kl. 16.30 i tråd med tidsplanen, og svært mange skyttarar var igjen under denne.

Samarbeidet var godt med Oppedal/Brekke. Arrangementavgift bane og felt samt gåvepremiar vart samla inn på førehand til felles konto. Det ver eit nært og godt samarbeid mellom Oppedal/Brekke sin kassastyrar og leiar i Nyborg skyttarlag. Oppedal skyttarlag stod for rekneskapsføring, og Nyborg skyttarlag stod for utsending og informasjon på heimeside til Nyborg skyttarlag. I tillegg vart det laga ei eiga facebookside for Vestlandstemna der begge lag kunne leggje ut informasjon.

Arrangementavgift stang og felthurtig vart betalt på stemna.

Nyborg skyttarlag nytta ein to Izettle betalingsterminalar, ein i kiosk og ein i påmelding/camping. I tillegg skaffa skyttarlaget seg VIPPS som og var populært. Veret var ikkje bra på fredag og sundag. Banefinalar og samlagsskyting fungerte godt sjølv i dårleg ver. Laurdag var veret bra og det var god stemning på skytebana og på campingplassen. Nyborg skyttarlag fekk mange gode tilbakemeldinga på arrangementet, og me kan trygt vere fornøgde med oss sjølve med tanke på korleis me løyste dette store arrangementet.

Nyborg skyttarlag har hatt desse arrangementa:

Serieskyting Korrespondanse SY – deltok med to lag.

Lagsmeisterskap i miniatyr, felt, skogsløp og bane.

Ope finfeltstemne.

Skyteskule for aldersbestemte 15 m inne og 100m ute

Pangstart kurs

Juleskyting for Ungdomsskulen og mellomsstega på Dalsøyra.

Nyborg stemna i miniatyr

Nyborg stemna i baneskyting

Vestlandsstemna i baneskyting, felthurtig og stang.

Organisasjonsmedalje.

Skytingens Dag og Skogsløp med skyting.

Jegerprøveskyting, Dugleiksmerkeskyting, interne skytingar og treningar.

Aktivitet og rutinar for drift skyteanlegg

Nyborg skyttarlag vart i 2002 registrert i Einingsregisteret i Brønnøysund og me har organisasjonsnummer **984 410 077**. Nyborg kan såleis drive t.d. bingo og lotteri på lovleg vis. Laget har dispensasjon frå våpenlova frå 2002, og ein lagrar forskriftsmessig lagsvåpen på våre baner. Det er viktig at laget driv organisert skyting og at alle tryggleik og bruksreglar vert følgde. Laget vil og til ei kvar tid oppdatere seg i høve til reglar om politiattest. Styret har sett over skytebanene og manglar er utbetra i samsvar med forskriftene.

Sportsleg aktivitet:

Landsskyttarstemnet i Førde:

Det var påmeldt 18 og det deltok 11 skyttarar til stemna i Førde. Rune Virkesdal deltok for Sogn Ytre i samlagsskytinga og han kom i finale med 240 poeng og enda på 339poeng. Noah K. Asheim deltok i skogsløp med skyting og han fekk ein fin 5 plass. Det var ei kjekk stemne, sjølv om veret ikkje var det beste. Målet må vere å få mange til å satse på LS i Stjørdal i 2018.

Vestlandsstemna bane/felthurtig/stang Nyborg:

Det deltok 18 skyttarar frå laget. Rune Virkesdal deltok på Sogn Ytre i samlagsskytinga. Noah K Asheim kom i finale både i bane og felt og Bodil Tveit kvalifiserte seg til finale i felt.

Landsdelstemna bane – Flørø og felt Gaular:

Det deltok 4 skyttarar på bane og 3 i elektronisk felt hjå Gaular. Rune V, Jørgen V og Noah K Asheim kvalifiserte seg til banefinale i Flørø. Noah vart nr 5 på bane med 342 poeng. Rune skaut og feltfinale. Rune og Jørgen Virkesdal deltok på samlagslaget til Sogn Ytre.

Fylkesstemna miniatyr Førde:

Det deltok 2 frå Nyborg.

Sparebank/Fylkescup individuelt Flørø:

Rune Virkesdal og Sigurd Eggum kvalifiserte seg til fylkescupen individuelt.

Samlagsstemne bane , Bjordal/Søreide:

10 deltok frå Nyborg. Emma Neverdal var samlagsmeister i kl. R med 249p innleiande og 345 samanlagt. Rune Virkesdal vart nr 2 i kl. 3-5. Me stilte lag i lagskyting både i rekrutteringsklassane og hjå dei vaksne.

Nyborgstemna bane:

Stemna vart godt avvikla med bra deltaking 113 stk. Me hadde storskjerm, live på nett og arrangementnemnda hadde laga middag. Det var solid skyting i mange klassar. Noah K. Asheim vart nr. 3 i rekrutt med 341 poeng og han fekk medalje. I klasse 3-5 vann:1. John Olav Ågotnes, Sartor (5) 347p. Det deltok 29 skyttarar frå Nyborg.

Nyborgstemna miniatyr:

Deltakarar: 121 stk. Stemna vart godt avvikla. I år kørde ein utandørsprogram. Hildegunn Strand, Solund vann med 345p føre Rune Virkesdal med 343p. Det deltok 30 skyttarar frå Nyborg.

Samlagsstemne felt, Nesse :

Rune Virkesdal, Emma Neverdal og Bodil Tveit deltok frå Nyborg.

Samlagsstemna i miniatyr, Vadheim:

8 deltakarar frå Nyborg.

Organisasjonsmedalje Sogn Ytre. Nyborg:

Berre 1 deltok frå Nyborg. Jørgen Virkesdal vann med 289p, men kravet til stj. gjekk på 290

Dugleiksmärke

24 rekrutteringsskyttarar, 1 veteran og 3 klasseførde tok dugleiksmärke i år.

Korrespondanseskyting:

Nyborg stilte 1 lag i kvar klasse. Nyborg skyttarlag vart nr. 6 serieskytinga i klasse R/J og nr.2 i klasse 1-5. Denne skytinga er positiv og gjev laget eit godt miljømessig og sportsleg utgangspunkt til utandørsskytinga.

Skytingens Dag og skogsløp

Dagen vart utsett til 21.09, når me starta opp inne. Denne dagen var det start skyteskule. Alle deltakarar fekk informasjon, instruksjon og medalje. Det deltok 20 stk.

Lagsmeisterskap vinnarar:

Klasse	Min 40 delt.	Felt 17 delt	Bane 28 delt.	Skytingens dag og skosløp
Asp 3-5 Jun ER R V65 1	12 delt. Rune Virkesdal 243 Bodil Tveit 239 Noah K Asheim 240 Sigurd Eggum 245 Morten Asheim 240	8 delt. Natlíe Uthaug 27/17 Noah K Asheim 29/19	14 stk. Rune Virkesdal 335p Bodil Tveit 345 p Noah K Asheim 341p Sigurd Eggum 245p	Avvikla 21.09.17. Alle fekk medalje.

Bedriftsskyting

Denne skyting vart ikkje avvikla i år.

Årets skyttar 2017:

Nyborg skyttarlag har bestemt at Noah K asheim er årets skyttar i Nyborg skyttarlag 2017.

Årets resultat:

Emma Neverdal vann samlagsstemna bane i rekrutt med 249/345poeng og ho får tildelt premie for årets resultat.

Innandørsskyting rekrutteringsarbeid:

Me satsar på ein skyteskule for dei minste og her vil me følgje opplegget til DFS.

Me håpar elles at ein også i 2018 kan arrangere kurs, skyteskule, skogsløp m/skyting og evt. Skiskyting. Ein håpar at dei vaksne blir ivrige brukarar av innandørsbana til trening og konkurransar. Laget vil delta i korrespondanseskyting for Sogn Ytre.

Stemner neste år som Nyborg skal skipe til:

Skyteskule og pangstart 2. 26.10.17

Nyborgstemna i miniatyr 10.-11.2

Nyborgstemna bane 26.-27.5

Tankar framover:

Nyborg skyttarlag har hatt eit bra arbeidsår, men enno fleire skyttarar bør delta sportsleg i sommarsesongen. Administrativt er det nokon som må bere eit større ansvar enn andre. Målet må vere at alle nemndene konstituerer seg og skriv sitt bidrag til årsmeldinga. Me har gode anlegg og driv skyttarlaget godt. Me har no eit webbasert medlemssystem og eit moderne rekneskapssystem. Fint om medlemmar oppdaterer opplysningar om seg sjølv. Innadørsbana med elektronikk er viktig for laget. Målet i 2018 er å få mange deltakarar på LS i Stjørdal. Økonomien i laget er i balanse, men me treng arbeidde godt for å dekke utgiftene våre. Aktiviteten tyder på at skyttarlaget driv bra.

Dalsøyra den 14.10.17

Jørgen Virkesdal- leiar-

Årsmeldinga vart godkjend på årsmøte 27.01.2018